

# Borgåsen

*I Etne finst det beile fire bygdeborgar. Dei ligg alle strategisk til, slik at dei har tent som tilfluktsstader og vern for sentrale delar av bygda.*



Bygdeborga på Borgåsen med Etnefjorden og Etnesjøen i bakgrunnen. Bilete frå 1990.


**B**ORGÅSEN, på sørsida av Etnepollen, har namn etter bygdeborga som her framleis finst leivningar av. På toppen er det eit flatt parti med stup på tre kantar. På den fjerde er det lagt opp ein svær mur, og murrestar finst også fleire stader innanfor borgområdet. Frå Borgåsen har ein fullt utsyn over innseglinga til Etnebygda.

På nordsida av Etnepollen, på garden Bryllum, ligg *HOLENUTEN*. Berre frå nordaust kan ein koma opp til toppen. Der ligg det murar og stengjer. I ei lita hule her skal det vera funne kol og jernslag.

*HEIA* på Steine er eit høgdedrag med

ei langstrekt flate på toppen og brattkantar på tre sider. Ein svær steinvoll, 36 m lang og 6 m brei, ligg tvert over flata og stengjer av det 40x20 m vide borgområdet.

*HUSHAUG* heiter eit berg med bratte stup like ovanfor garden Vad. På den einaste framkomelege sida ligg ein 80 m lang og sperrar av eit område på 80x50 m. Frå borga på Vad er det vidt utsyn både over heile hovudbygda og oppover Stordalen. Her samlast tre gamle vegliner: Vegen frå Støle, vegen frå Grindheim og vegen opp gjennom Stordalen. Vad har namn etter eit gammalt vad over Stordalselva. □



## BYGDEBORGER

I romartid og folkevandringstid (Kr.f.-600) vart det bygt forsvarsborgar på toppar og fjellknauser som frå naturen si side var vanskelege å koma til. Der tilkomsten til borga var lettast, vart det lagt opp store steinmurar eller vollar av jord og sand. Truleg har det i tillegg vore palisadar av tre.

Bygdeborgar av dette slaget er lite granska av arkeologane. Vi veit difor ikkje stort om korleis desse forsvarsanlegga såg ut den tid dei var i bruk, og det er heller ikkje mykje vi kan seia for visst om korleis forsaret av dei vart organisert, og kva funksjon dei hadde for bygda eller for regionen. Somme har truleg vore tilfluktsstader for folk som budde i den næraste omkrinsen, men det er ting som tyder på at andre kan ha vore del av eit organisert forsvar av større hovdingdøme eller smårike.

I Hordaland kjenner vi 19 bygdeborgar. Av desse ligg heile 12 samla innanfor eit mindre område i Sunnhordland. I Nordhordland er det 3, i Hardanger 4.

Borgene i Sunnhordland ligg slik til at det er frie siktliner mellom dei. Mange ligg sentralt i bygder som har vore tett busette i romartid og folkevandringstid. Frå dei same bygdene kjenner vi rike gravfunn med importerte romerske statusvarer. Truleg har det butt hovdingar her som kunne organisera forsvar av eit smårike i Sunnhordland. Frå borga på Steinslandsåta i Ølen (B179) er det såleis vidt utsyn over heile det sentrale Sunnhordland. Herifrå kan ein sjå til borger i Etne, Kvinnherad og Sveio.

I somme bygdeborgar er det funne spor etter hustuffer og brunnar eller vassgroper, der regnvatn kunne samlast opp. I slike borgar kan folk ha halde til i vekevis under ufredstider. (33).



I dette området ligg restane etter bygdeborga på Vad.

Kart over figur- og skålgropefelt i Etne.